



Geir i påskemodus i familiehytta på Neset

**The New Wine heiter bandet som Festidalen har satsa på både som liveoppleveling og platesnurrarar under påskefesten på Dønhauglåven laurdag kveld. Vinen er ikkje heilt ny, bandet såg dagens ljøs allereie for 5 år sidan. Men alt tyder på at den er like frisk og at den og er tilført ny kraft og fylde.**

**Og det er til og med ein kar på laget som nesten er uskedeling. Det er medisinstudent Geir Hermansen (24) som ladar opp i familiehytta Steinhagen på Neset. Han spelar keyboard.**

Dei 3 andre i bandet er medisinstudent Stian Iversen (25, vokal og gitar), NHH-student Johan Hatleskog (24, bass) og NHH-student Adrian Søggen (25, trommar). Alle skriv både tekstar og musikk.

Dei 4 omtrent like gamle bergenserane som tydelegvis fekk

musikaliteten inn med morsmjølka traff kvarandre då dei gjekk på handelegg og sidan har dei halde saman musikalsk sett. Men det har ikkje alltid har vore like enkelt å kombinera denne satsinga med studiane og Geir vert svarlaus når uskedalen.no spør kva som skal skje når dei er til endes.

- The New Wine er eitt krevjande namn...
- Jau, men vi meinte vel at det skulle vera eit friskt pust og noko å leva opp til.
- Kva vil du skriva på merkjelappen over repertoaret?
- Rett og slett popmusikk med mange innfallsvinklar. Vi er opptekne mellom anna av elektronisk musikk. 80-tallsmusikk og samtidsmusikk men det er ingen bås vi trivst særleg godt i.

Geir innrømmer at bandet har vore i ein dvale nokre år, men no er det på tur oppatt. I 2009 og 2010 dreiv gutane nesten berre med musikk og opererte ikkje berre over det meste av Europa men også i USA og Japan. Det gjekk svært bra. For 2 år sidan kom dei ut med eit album og dei lovar å komme med eit til snart.

På Dønhaug vil dei spela rundt 15 låtar og 5 av dei er nye. Men sjølve signatormelodien er 'I had to tell you' som dei laga allereie i 2008 og framleis kling godt. Den vil truleg runda av konsertdelen på Dønhaug før dei går over til å snurra plater.

Familien Hermansen har forresten ein muskar til. Gjert starta i sitt band 2 år før broren og har nyleg vore med og laga eit album.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen